



KOPI

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/177 - 19/19906

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
24.06.2019

Igangsettingsløyve for delar av tiltak midlertidig bussterminal, rundkjøring og VA-anlegg - gbnr 188/741 mfl Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 377/19

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS, VA-seksjonen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av siste del ved midlertidig rundkjøring, bussterminal, samt VA-anlegg. Dei delar det vert søkt igangsettingsløyve for er markert i grønt på kart datert 29.04.19 (med endring A 17.06.19), mottatt 21.06.19.

Kommunen har i vedtak av 12.04.19 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 21.06.19.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn. Ansvarleg søkar har stadfesta at fagområdet geoteknikk for veganlegget kan leggest i tiltaksklasse 1, og kommunen har ingen kommentar til det. Det er ikkje sendt inn ein særskilt erklæring for dette.

Tiltaksplan

Tiltaksplan som er innsendt i saka er godkjent tidlegare i sak 18/3471. Kommunen har vurdert den som dekkande for store delar av godkjent tiltak. Vi har vidare vurdert det som lite sansynleg at området ved midlertidig rundkjøring skal være utsatt for forurensning, jf. måleresultata i innsendt tiltaksplan.

Vi presiserer likevel at tiltakshavar er ansvarlig for at krav i mot forurensning i grunn vert tilfredsstilt, jf. byggtknisk forskrift § 9-3.

VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av siste del ved midlertidig rundkjøring, samt VA-anlegg, på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 12.04.19 med vilkår gjeld for tiltaket.

Dei deler det vert gjeve igangsettingsløyve for er markert i grønt på kart datert 29.04.19 (med endring A 17.06.19), mottatt 21.06.19.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/177

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 41 5914

ISDALSTØ

Kopi til:
Norconsult AS

Mottakrar:
Norconsult AS, VA-seksjonen Postboks 1199 5811 BERGEN

KOPPI